



Velkommen som medlem i Hafslo idrettslag !

Hafslo idrettslag har mange tilbud til medlemmane gjennom heile året. Tilboda følgjer årstidene og tradisjonane i laget.

Særgruppene har treningar og konkurransar i alpint, langrenn, hopp, orientering og fotball. Barneidretten er organisert med øvingar i mange ulike idrettar i fleire miljø både innandørs og utandørs fordelt over skuleåret.

Trimgruppa har fleire sjølvbetjente tilbud i tillegg til idrettsmerketaking og skicuprenn for heile familien. Det er og tilbud om div trim for vaksne i gymsalen.

Hafslo idrettslag har svært låge trenings- og medlemsavgifter. Grunntanken til idrettslaget er at prisen ikkje skal diskvalifisera nokon frå å vera med på aktivitetar.

For å finansiera tilboda, er idrettslaget avhengig av fleire faktorar:

- **Gode og stabile sponsorar.**
*Fleire lokale bedrifter sponsar laget i ulike samanhengar, t.d. med reklameskilt på idrettsanlegget i Moane.
Luster sparebank er hovudsponsor*
- **Medlemmar**
*Talet på medlemmar påverkar tilskot frå Luster kommune og Norges idrettsforbund.
Dei kommunale tilskota og tilgangen til rimelege treningsanlegg er svært viktig for laget.*
- **Dugnad**
*Aktivitet i særgruppene er avhengig av bidrag m.a. frå foreldre og ressurspersonar for kvar idrett.
Hafslo idrettslag er samarbeidspartnar med Sogndal fotball ved arrangering av Lerum cup. Inntekta frå dugnadsarbeidet på denne fotballturneringa gjer at laget kan halda prisen på medlemsskap og treningsavgifter på eit svært rimeleg nivå. Det er forventa at aktive frå alle grupper er med og bidreg denne helga.*

Medlemsskap i Hafslo idrettslag

Alle som deltek på aktivitetar i idrettslaget, skal betala medlemsavgift..

Dette er forutsetjing for å vera omfatta av forsikringar som trer inn i tilfelle skader.

Medlemsskapet er og grunnlag for støtte og tilskot frå Luster kommune og idrettskretsen

Med gyldig medlemskort får du 15 % avslag på kjøp av varer på Sport1 i Gaupne (rettleiande prisar)

Idrettsforbundet krev elektronisk medlemsregistrering. For å leggja inn medlemmar i registeret treng me informasjon som vist i klamma nedanfor:

Fullt namn Adresse	Fødselsdata Gjeld alle	Epostadresse Ved familiemedlemsskap, kan ein velja å ha ei felles epostadresse for alle i familien	Mobilnummer	Type medlemsskap (familie eller einskild)
Døme Per Persen Liavegen 2 6869 Hafslo	13.12.1964	Per.persen@online.no	57682222 98989898	Einskildmedlem

Ver snill og send informasjon vedr medlemsregistreringa til:

erna.hamrum@sfj.no

eller sms til 99 39 56 32

Etter at den nye ordninga er aktivisert, vil det bli sendt innbetalingskrav på epost (eller i brev til dei som ikkje har epost). Ved framlegging av kvittering for betalt medlemskap vil ein få medlemskort på Sport1 i Gaupne. For dei som allereie har fått slikt medlemskort, vil Sport1 skifta oblat for kvart år ved framvising av betalt medlemskap

Pris for medlemskap:

Kr 200 for einskildmedlem

Kr 600 for husstandsmedlemskap/familiemedlemskap

Kr 100 for pensjonistar

I husstandsmedlemskap inngår føresette + alle barn t.o.m. det året ein fyller 19 år.

Info frå gruppene:

- **Trimgruppa**
På heimesida til idrettslaget finn du informasjon og skjema for trimbøkene.
- **Fotball**
Skjema for påmelding for aldersfastlagde lag ligg på heimesida.

Grasrotandelen

No kan du sjølv vera med å avgjera kven som skal få ein del av spelemidlane frå Norsk Tipping. Inntil 5 % av det du spelar for, kan kanalisertast til ein lokal organisasjon.

Dette blir registrert på spelekortet ditt etter ditt eige ønskje. Det vil ikkje påverka innsatsen eller premien din. Dette gjeld alle spel i Norsk Tipping bortsett frå Flax og Extra.

GJE HAFSLO IDRETTLAG DIN GRASROTANDEL



For meir informasjon om Hafslo idrettslag, gå inn på www.hafslo-il.no

Der vil du og finna oversikt over kontaktpersonar i laget og i gruppene.

